

SUNNFJORD
UTVIKLING

# Årsrapport for kommunalt næringsfond 2019

Førde, Gaular, Jølster og Naustdal

# Kommunalt næringsfond - årsrapportering

Kommunen skal kvart år utarbeide ein årsrapport til fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeidet i kommunen. Årsrapporten skal handsamast politisk og sendast fylkeskommunen innan 15. februar. Oversikt over tildelte midlar og finansiering skal kome tydeleg fram.

SUNNFJORD UTVIKLING

# Krav til kommunar som får tildelt midlar til kommunale næringsfond

- Organisering – eit tilfredstillande næringsapparat
  - (min. 50% stilling og lett tilgjengeleg kontaktinfo)
- Strategi for næringsutvikling
- Retningslinjer for bruk og forvaltning av næringsfondet
- Årsrapport - bruk av næringsfondet i høve mål og tiltak

SUNNFJORD UTVIKLING

| Aksjonærar | Andel i % |
|---|---|
| ▪ Sunnfjord kommune (frå 2020) | 53,96 % |
| ▪ Førde Industri- og Næringssamskipnad (FINS) | 13,49 % |
| ▪ Gaular Reiselivslag | 6,51 % |
| ▪ Sunnfjord Hotell AS | 6,51 % |
| ▪ Jølster næringsforum | 6,51 % |
| ▪ Firda Billag AS | 6,51 % |

**Styret i selskapet**

- **John Helge Lunde**, styreleiar, Gravdal, Hellvikgruppen, etc
- **Sissel Bruland**, Bruland Pallefabrikk/Byggmakker
- **Geir Opseth**, FINS, Kunnskapsparken, etc etc
- **Oddmund Klakegg**, ordførar
- **Håkon Myrvang**, ordførar
- **Mathias Råheim**, ordførar
- **Olve Grotle**, ordførar
- **Ole John Østenstad**, prosjektleiar/kommunedirektør



# Sunnfjord Utvikling AS




Førstelinjeteneste – Kommunalt næringsfond




Utviklingsprosjekt i Sunnfjord kommune




Visit Sunnfjord

SUNNFJORD
UTVIKLING

# Førstelinjeteneste i Sunnfjord kommune

- Kommunen er første kontaktpunkt i tidleg fase, for etablerar og småskala næringsliv.

- Sunnfjord Utvikling har 1 tilsett som har hovudansvar for førstelinjeteneste for Sunnfjord kommune

- Sidan 01.11.19: Solbjørg Grøneng

- Nyttar ca 50-70% av stillinga til dette arbeidet
  - Sakshandsaming kommunalt næringsfond, og utbetalingar
  - Rapportering
  - Møte med etablerarar
  - Rådgjeving
  - Nettverksbygging
  - Kurs (i regi av Innovasjon Norge og Fylkeskommunen)

- Styret i Sunnfjord Utvikling AS utgjer det regionale fondsstyret. Det er 7 styremøter årleg, der søknader til næringsfondet vert behandla.

SUNNFJORD
UTVIKLING

# Ny strategisk næringsplan for Sunnfjord






SUNNFJORD UTVIKLING

# Måla i strategisk næringsplan 2019-2022




## Attraktiv kommune

**Sunnfjord** skal vere ein kommune med urbane og landlege kvalitetar som er attraktiv for tilflytting.



## Helse og innovasjon

**Sunnfjord** kommune skal bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus, og legge til rette for auka innovasjon i tråd med statlege føringar.



nfjord Energi går for utbygging av Jøls

## Næringsoffensiv kommune

**Sunnfjord** skal vere ein næringsoffensiv kommune.

Vi skal vere eit naturleg førsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringar.



## Utdanning og kompetanse

I **Sunnfjord** kommune skal næringslivet sitt behov for arbeidskraft med rett kompetanse bli tilfredstilt.




## Naturressursar

**Sunnfjord** kommune skal utnytte naturressursane på ein berekraftig måte for å skape fleire arbeidsplassar i landbruket, i mineralnæringa og innan fornybar energi.

SUNNFJORD
UTVIKLING

# 5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

## 5.1 Næringsoffensiv kommune

**Status**

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunane er å leggje til rette for vekst og utvikling i næringslivet. Det inneber å vere utviklingsorienterte, og møte næringslivet med ei positiv innstilling. Kommunen har eit samfunnsansvar og må vere lojale til eksisterande planverk, men arbeidet skal utførast med ei offensiv ja-haldning.

Arbeidet med strategisk næringsplan har vist at kommunane kan bli betre på dette området gjennom meir effektive og profesjonelle planprosessar, eit betre samarbeid med næringslivet og ved eit sterkare fokus på rolla som samfunnsutviklar

Førde har i dag ei viktig rolle som vertskommune for store offentlege verksemder og utdanningsinstitusjonar, som Helse Førde, Lotteri- og stiftingstilsynet, Norec, NVE, HVL m/fleire. Slike verksemder tilfører mange arbeidsplassar, kompetanse og innbyggjarar til regionen. Det er viktig at kommunen vidareutviklar ei positiv vertskapsrolle for å styrke Førde som lokaliseringsstad for fleire offentlege kompetansearbeidsplassar.

Rekruttering av arbeidskraft blir ei viktig oppgåve framover. Men det betyr ikkje at kommunen ikkje skal ha fokus på å skape fleire arbeidsplassar. Nyskaping og vekst skjer gjennom utvikling i eksisterande næringsliv, og gjennom grûnderar og knopskyting.

Sunnfjord Utvikling (SU) har ei viktig rolle i dette arbeidet som førstelinjeteneste for kommunen mot nye etablerarar og eksisterande næringsliv. Selskapet skal og leggje til rette for samarbeid i næringslivet gjennom møteplassar og nettverk, og dette er særleg viktig i ei tid med store endringar.

Digitaliseringa skjer i alle bransjar og krev kunnskap og vilje til omstilling. I ein kommune med mange små- og mellomstore bedrifter vil klynger, gode nettverk og møteplassar vere effektive verkemiddel for å få til samarbeid, kunnskapsdeling, innovasjon og vekst.

Peak Sunnfjord AS vart etablert i Førde sentrum i 2018. Dette er den første klynga som samlar grûnderar og kunnskapsbedrifter på tvers av ulike bransjar under same tak. Å leggje til rette for fleire klynger i Sunnfjord er eit prioritert satsingsområde.

**Mål**

Sunnfjord skal vere ein næringsoffensiv kommune. Vi skal vere eit naturleg fyrsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringar.

**Strategiar**

- Kommunen skal møte næringslivet med ei JA – haldning
- Utvikle kommunen si rolle som vertskommune for offentleg verksemd slik at Sunnfjord er attraktiv for etablering av nye offentlege etatar
- Sunnfjord Utvikling si rolle som serviceapparat for etablerarar og eksisterande næringsliv skal vidareutviklast
- Sunnfjord Utvikling skal legge til rette for fleire klynger



# Handlingsplan
# - Næringsoffensiv kommune

**Mål:**
Sunnfjord skal vere ein næringsoffensiv kommune. Vi skal vere eit naturleg fyrsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringar.

| Strategi | Tiltak |
|---|---|
| Kommunen skal møte næringslivet med ei JA – haldning. | Utvikle ein kultur for **kundevenleg og effektiv** saksbehandling, basert på kommunikasjon og samarbeid for å finne gode løysingar og positiv utvikling. |
| | Jobbe for at kommunen har planar som sikrar **føreseielege rammer og naudsynt fleksibilitet** for næringsliv og investorar. |
| | Vidareutvikle eit tett og godt **samarbeid med næringsforuma** som representerer næringslivet i nye Sunnfjord kommune. |
| | Gjennomføre **dialogmøter** mellom representantar frå næringslivet og kommuneleiinga ein til to gongar i året. |
| | Etablere ein **årleg møteplass** mellom næringsliv og politikarar. |
| Utvikle kommunen si rolle som vertskommune for offentleg verksemd slik at Sunnfjord er attraktiv for etablering av nye offentlege etatar. | Sunnfjord kommune skal engasjere seg aktivt for å få **fleire statlege arbeidsplassar** til Sunnfjord. |
| | Skape **faste møtepunkt** mellom leiinga i dei offentlege etatane og kommunen. |
| | Legge til rette for at tilsette som flyttar til Sunnfjord raskt blir ein del av lokalsamfunnet. Utvikle ein **digital velkomstpakke og andre inkluderingstiltak** som kan legge grunnlag for ei langsiktig busetting. |
| Sunnfjord Utvikling si rolle som serviceapparat for etablerarar og eksisterande næringsliv skal vidareutviklast. | **Utvikle eigne servicetenester**. Utvikle samarbeidet med dei andre aktørane i virkemiddelapparatet, lokalt og regionalt, som Kunnskapsparken, Innovasjon Norge, Vestlandsforsking og nye Vestland fylke. Bistå næringslivet med å finne fram i virkemiddelapparatet sitt tilbodet av etablerartenester, klyngeprogram og finansieringsmoglegheiter. Marknadsføre moglegheitane som ligg i det kommunale næringsfondet i Sunnfjord. Stimulere til fleire nyetableringar og bidra til at etableringane greier å vekse. Vere ein støttespelar for eksisterande næringsliv i ei utviklingsfase. Vere aktiv i arbeidet med å tiltrekke ny næringsverksemd. |
| | Skape gode **nettverk og møteplassar**, som kan kople kompetanse, teknologi og kapital (frukostmøter, pitchekonkurransar osv). |
| | Legge til rette for **internasjonalt samarbeid** for å hjelpe bedrifter som ynskjer å utvide marknaden. Utarbeide ein internasjonaliseringsstrategi. |
| Sunnfjord Utvikling skal legge til rette for fleire klynger. | Stimulere og legge til rette for utvikling av fleire små og større **klynger** i ulike næringar. Finne gode drivarar med innovasjonskraft som kan etablere sterke klynger. |
| | Arbeide for å finne grunnlag for NCE eller liknande **klyngeetablering** i Sunnfjord. |



SUNNFJORD UTVIKLING

# sunnfjordutvikling.no




SUNNFJORD UTVIKLING

# Føringar frå KMD og retningslinjer frå fylkeskommunen

***Føringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet***
Kommunane må fylgje dei føringar som departementet har gitt. Midlane til kommunale næringsfond vert henta frå Statsbudsjettet programkategori 13.50, kap. 550 post 64 – «Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlige distriktsutfordringar». Målet med midlane som forvaltast av dei kommunale næringsfonda er å utvikle og legge til rette for lokalt næringsliv. Kriteria for måloppnåing er auka sysselsetjing, fleire søkarar til ledige stillingar, at lokalsamfunna beheld tilflyttarar, auka samarbeid mellom lokale aktørar og auka deltaking i frivillige organisasjonar.

I vurderinga av dei ulike prosjekt skal ein vektleggje tiltak som har klare mål, konkrete resultat og som har fokus på kriteria for måloppnåing, samt:

- God lokal forankring, det vil seie at prosjekta skal følgje opp strategiar og planar med konkrete tiltak
- Tverrsektorielt samarbeid, der ein samlar ressursar for å oppnå størst mogleg samfunnseffekt
- Tiltak som bidreg til å bygge kunnskap og informasjonsdeling lokalt, regionalt, og/eller internasjonalt

Førde, Jølster, Naustdal og Gaular

## Retningslinjer for næringsfondet i Sunnfjord Kommune

Næringsfondet skal nyttast til tiltak som fremjar næringsutviklingsarbeidet i kommunen, og då i første omgang til tilrettelegging og støtte til nyetableringer og dei minste bedriftene. Det kan også nyttast til forstudie og forprosjekt, utvikling av nye forretningsområde og lokalbaserte prosjekt i større bedrifter.
Innovasjon Noreg sin informasjon om distriktsutviklingstilskot vil i hovudsak også vere gjeldande for det kommunale næringsfondet

SUNNFJORD
UTVIKLING

# Stønadstypar

Bedriftsfinansieringssaker som ligg over grensene for kapitalbehov skal sendast vidare til IN dersom dei ligg innanfor IN sine prioriterte satsingsområde.

- Bedriftsutvikling
  - Planlegging, produktutvikling, marknadsavklaring, konsulenttenester og opplæring/kompetanseheving
    - Kostnadsgrense kr 200.000,- maks stønad inntil 50%

- Investering
  - Støtte til investering i utstyr og maskiner.
    - Det er ikkje sett spesielle kapitalgrenser for slike saker, maks stønad inntil 30%

- Tiltaksarbeid og kunnskapsretta infrastruktur
  - Regionalt samarbeid, etableraropplæring, samarbeid skule/næringsliv og lokale utgreiingar/analyser
    - Det er ikkje sett spesielle kapitalgrenser for slike saker

- Arrangement/festivalar
  - Tidsavgrensa, fokus på utprøving, initiering og oppstart, har direkte kostnader knytt til prosjektet/tiltakets føremål og skal leie fram til bestemt resultat
    - Det er ikkje sett spesielle kapitalgrenser for slike saker

# Kriterium ved vurdering av søknader

- Nyetablering der støtte er avgjerande for realisering har høg prioritet
- Kunnskapsintensiv og kreativ verksemd er prioritert satsingsområde (Firmaet/produktet/tiltaket skal vere noko nytt)
- Produksjon eller tilrettelegging av tenester vi i dag må ut av Sunnfjord for å finne har høgast prioritet, og som medfører større aktivitet av tilreisande
- Får ikkje stønad dersom det medfører konkurransevridning mellom verksemder innan same kommune
- Krav at tilskotet skal ha utløysande effekt
- Kvinner, ungdom og innvandrar er prioritert målgruppe
- Vert ikkje gitt stønad opp mot samfinansiering med andre offentlege instansar

SUNNFJORD
UTVIKLING

# Bruken av fondet i 2019

Tildelte midlar kr 2.472.012,-
Løyvingar kr 4.085.614,-

- 28 saker behandla i styret
  - 22 saker innvilga, 6 saker avslått
    - Bedriftsutvikling 6 saker – kr 619.701,-
    - Investering 6 saker – kr 1.868.260,-
    - Bedriftsutvikling og investering 4 saker – kr 260.000,- og kr 215.700,-
    - Arrangement 4 saker – kr 530.000
    - Tiltaksarbeid og kunnskapsretta infrastruktur 2 saker – kr 341.100,-
- 11 saker behandla med delegasjonsfullmakta til dagleg leiar (kr 50.000,-)
  - 8 saker innvilga, 3 saker avslått
    - Bedriftsutvikling 3 saker – kr 74.425,-
    - Investering 2 saker – kr 46.428,-
    - Arrangement 3 saker – kr 130.000,-
- 1 klage er behandla
- Totalt for 2019 er det gjort vedtak i 39 saker

NYHEITER JØLSTER SKEI

## Sandra (33): - Eg har drøymt om dette sidan eg var veldig lita



exploresunnfjord Følger

52 innlegg 503 følgere Følger 338

**ExploreSunnfjord**
Åpent 10-17
Utleie kajakk, Sykkel, SUP-board, Via ferrata.
Guiding
Butikk
Kurs
Teambuilding
Arrangement privat/bedrift
@gokajakk @fjeldfolk

Følges av peaksunnfjord, vslettis, elvetorget_forde + 61 til

ExploreSun... Breogfjell Lunde Turi... skifantomet Fjeldfolk Go'Kajakk AS Bobo Bird



OPTIMISTISKE: Peter Midthun, administrerande direktør i Firda Billag og Stian Hårklau, administrerande direktør i Airlift, ser fram til samarbeidet mellom Transferd og Airlift, og har trua på drone-satsinga. (Foto: Synne Asheim Haga)

## Lokal helikoptergigant satsar på droner - slik vil dei betre post og rassikring i lokalsamfunna




# Peak Sunnfjord

*17 ulike selskap under same tak I Førde sentrum 70 tilsette I private og halvoffentlege selskap. Etablert I februar 2019. Besøk av fire statsrådar og ein statsminister. Inngått ny samarbeidsavtale med BKK.*

SUNNFJORD UTVIKLING

Februar 2018

Juni 2019


FIRDA 100 Sidan 1918

BOOKKEEPER www.bookkeeper.no

NR. 33 ■ TORSDAG 8. FEBRUAR ■ VEKE 6 2018 ■ LAUSSAL KR 35,- ■ 101. ÅRGANG firda.no

# Hallo, Skei, her kjem eg!

**TOMTA AVGJORDE:** Då drøymetomta på Skei kom til sals, bestemte Elisa Sunde seg: No skulle ho heim. No slepper ho alt ho har i Bergen og flyttar heim, utan jobb og utan anna plan enn at «det ordnar seg nok». **SIDE 10-11**

VEGSTRID I BYGSTAD

**Bergar kanskje heimen likevel**

Formannskapet i Gaular snur om trase for fv 57. Det er godt nytt for Agnes og Arnfinn Båtevik. **SIDE 2**

TRAFIKK

**Vil senke farten i Naustdal**

Folk kvir seg for å krysse rv 5 i sentrum. No vil kommunen søke om lågare fartsgrense. **SIDE 8**

KRAFTVERK

**Endar med litt leigeinntekter**

Dei planla stort kraftverk i Stardalen. – Risikoen vart for stor. Alt gjekk feil veg for oss. **SIDE 4**

NÆRINGSLIV

**Biltema utvidar med kafé**

Butikken i Førde utvidar med 500-700 kvadratmeter. Får nytt konsept og ein ny kafé. **SIDE 3**


FIRDA FREDAG 07.06

ENIVEST

NR. 128 ■ VEKE 23 2019 ■ LAUSSAL KR 40,- ■ 102. ÅRGANG firda.no

HØGT TRYKK

**Selde huset for over fire gonger kjøpsprisen**

NYHEITER SIDE 15

KRAFTFUSJONEN

**Spår opprør viss Førde får lågare nettleige**

NYHEITER SIDE 6

PUB – KAFE

# Skal fylle fjøsen med øl og briller

**NYTT KONSEPT:** Heimflyttar Elisa Sunde (36) skal lage nytt liv i det gamle Fjøsen pub-lokalet på Skei, med «Brunsj og Briller», ein noko uvanleg kombinasjon av serveringsstad og optikarforretning. - Eg kallar det ein kulturell brillekafé, seier ho. **SIDE 2-3**

150.000,- til investeringar frå kommunalt næringsfond

SUNNFJORD UTVIKLING

# Tildelte midlar og løyvingar 2017-2019

| | Tildelte midlar | Løyvingar |
|---|---|---|
| 2017 | 2.746.494,- | 3.248.657,- |
| 2018 | 2.489.750,- | 4.346.018,- |
| 2019 | 2.474.012,- | 4.085.614,- |

Saldo på fondet per 31.12.19 kr 7.398.560,-
(før 5% provisjon til SU er trekt og renter)

SUNNFJORD
UTVIKLING

**Fra:** Endre Høgalmen
**Sendt:** måndag 23. desember 2019 10:01
**Emne:** Litt informasjon til næringsmedarbeidarar i Sogn og Fjordane

Hei og syner til tidlegare informasjon om kommunale næringsfond. Budsjettet for 2020 er no vedteke av fylkestinget i Vestland, og kommunale næringsfond ligg inne med

- Ei løyving på 4 mill kr
- Og med følgjande tekstlege føring: «Kommunale næringsfond: Løyvinga skal gå til dei kommunane i SF som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.»

Som tidlegare meldt vert det arbeidt med eit nytt etablerartilbod for Vestland. Dette arbeidet vert leia av Kathrin Jakobsen som er seksjonssjef i seksjon for forsking, kompetanse og internasjonalisering i den nye avdelinga for innovasjon og næringsutvikling. Det tek nok litt tid før det nye felles etablerartilbodet med kurs, rettleiing og informasjon er klart. Som ei mellombels løysing utover i 2020 vert det arbeidt med å vidareføre det etablerartilbodet som vi har hatt i Sogn og Fjordane. Dette for at ein også i gamle Sogn og Fjordane skal ha eit etablerartilbod i påvente av det nye etablerartilbodet som vil gjelde for heile Vestland. Det kjem meir informasjon om dette på nyåret. Ta kontakt med oss i avdeling for innovasjon og næringsutvikling om du har kommentarar, spørsmål eller gode råd.

Med helsing
Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur
Sogn og Fjordane fylkeskommune

# Korleis blir det framover?

- Saldo på fondet per 31.12.19 kr 7.398.560
- Vi held fram med tildelingar frå kommunalt næringsfond inntil det er tomt for midlar på fondet
- Basert på siste år vil det vere mulig å dele ut midlar i omlag 2 år til
- Retningslinjene bør vurderast med omsyn til ny kommunestruktur
  - «ein kan ikkje få stønad dersom dette medfører konkurransevridning mellom verksemder innan same kommune»
- VLFK opnar for at ein kan søke om prosjektmidlar, informasjon om dette vil bli offentleggjort på SU sine nettsider når det er kjent

SUNNFJORD UTVIKLING